

NVE
Postboks 5091
0301 Oslo

Søknad om mellombels løyve til å fråvike nedre reguleringsgrensa for nordre del av magasin Sandvatnet i Suldal kommune i Rogaland fylke

I samband med rehabilitering av revisjonsluka i inntaket til Kvanndal kraftverk søker Røldal-Suldal Kraft AS om mellombels løyve til å senka vannstanden i Sandvatn under LRV, jf. § 8 i Lov om vassdrag og grunnvann.

Rehabiliteringsarbeidet er planlagt utført i tidsrommet 25.mai 2020 til 6.juli 2020. Årsaken til behovet for å senka vannstanden er at delar av arbeidet krev dykking i lukesjakta. Tryggleiken til dykkerane vert auka om vannstanden er så låg som mogleg i arbeidsperioden. Magasinet er utforma slik at ein ikkje har nokon form for tappemoglegheiter for nordre del, då Sandvatnet deler seg på kote 929. Ved å senka vannstanden til kote 919 moh vil ein såleis kunne oppnå lågare vasstrykk i botn av lukesjakta i ein periode.

Nedre reguleringsgrensa for magasin Sandvatn er 924 moh. Røldal-Suldal Kraft AS ynskjer å byrja å senka vannstanden i nordre del av magasinet frå LRV 924 ned mot kote 919 moh i tidsrommet 1.mai-25.mai 2020. Tida det tek før vannstanden igjen er oppe på LRV er avhengig av graden av tilsiget i det lokale nedbørsfeltet. Eit hydrologisk estimat gir at det vil ta mellom 15 og 45 døgn før vannstanden er oppe på kote 924. Totalt tidsrom RSK søker om løyve til å fråvike nedre reguleringsgresen vert då frå 1.mai til 9.juli 2020.

Røldal-Suldal Kraft AS gir i vedlagt skriv ei utgreiing av dei geografiske, topografiske, hydrologiske og miljømessige forholda knytta til magasin Sandvatnet. Røldal-Suldal Kraft AS vel å søkja om løyve fordi me anser at fordelane av å senka vannstanden under LRV i høve til auka tryggleik for rehabiliteringsarbeidet er større enn ulempene. Me kan ikkje sjå at tiltaket vil komma i nevneverdig konflikt med allmenne interesser, gi skader på økosystem eller påverkar arter i særskilt grad.

Med vennleg helsing

Kari Bråtveit
VTA for Røldal-Suldal Kraft AS